

RETNINGSLINER FOR HEMSEDAL UNGDOMSRÅD

1. Formål

Hemsedal ungdomsråd skal:

- Gje ungdommen medverknad i lokalsamfunnet.
- Ta initiativ ovanfor kommunale råd/utval/nemnder/styre og administrasjon for å få fram saker som vedkjem ungdom.
- Betre- og formalisere kontakten mellom politikarar, administrasjon og ungdom.
- Stimulere til samfunnsengasjement og deltaking frå ungdom, samt gje ungdommen innføring i politikk i praksis.
- Fungere som høyringsinstans for kommunale etatar i saker som vedkjem ungdommen.
- Forvalte tildelte midlar.
- Kvalitetssikre det politiske arbeidet med å betre dei unge sine oppvekstvilkår i Hemsedal.
- Bidra med å betre det regionale samarbeidet i Hallingdal.

2. Samansetjing /Val

Hemsedal ungdomsråd vil ha slik samansetjing:

1 representant frå kvart av ungdomstrinna (8., 9. og 10. klasse).

1 representant frå ungdomsklubben.

1 representant frå kristne ungdomslag.

1 representant frå Hemsedal idrettslag.

1 representant frå kvart klassesetrinn i vidaregåande skule busett i Hemsedal (1.,2. og 3. klasse).

1 representant frå Hovudutval for livsløp.

- Kommunestyret peikar ut ein representant frå Hovudutval for Livsløp.
- Det skal veljast vararepresentantar.
- Representantane skal veljast for skuleår og ikkje kalenderår.
- Ungdomsrådet legg til rette for val av representantar i 8. klasse, 10. klasse og 2. klasse på vidaregåande, der dei vert valt for to år om gongen. Val skal skje i starten av skuleåret.
- Ansvar for val av representantar frå ungdomsklubben, kristne ungdomslag og Hemsedal idrettslag ligg hjå styret i dei respektive lag og organisasjonar.
- Dersom det vert endring når det gjeld lag eller organisasjonar som bør ha representasjon i rådet skal retningslinene reviderast.
- Leiar og nestleiar av ungdomsrådet vert valt på fyrste møte etter sumarferien. Sekretær legg til rette for dette valet.
- Ordførar og rådmann har tale-, møte- og forslagsrett.
- Sekretær har ansvar for møteinnkalling, møteprotokoll og er kontaktperson for ungdomsrådet.

- Dei vaksne har ikkje stemmerett og skal ikkje dominere ungdomsrådet. Dei vaksne som er involverte skal stimulere til konstruktiv debatt og leie rådet i riktig retning. Ungdomsrådet skal vera for og av ungdomen sjølv.

3. Møte

- Hemsedal ungdomsråd skal halde møte minst 4 gonger i året, 2 gonger per semester.
- Møteplan vil verta satt opp for eit halvt år fram i tid.
- Leiar eller fire av medlemmane kan krevje møte utanom fastsett møteplan.
- Rådet er vedtaksført når minst $\frac{3}{4}$ av medlemmane er tilstades. Alle vedtak vert gjort med simpelt fleirtal. Ved røystelikheit har leiaren dobbelrøyst.
- Alle saker som vert lagt fram til politisk handtering og vedkjem ungdom skal sendast til ungdomsrådet.
- Møta vert haldne på kommunehuset.
- Post til rådet vert sendt til Hemsedal kommune.
- Møta vert kunngjort på lik line med vanlege politiske møte og bør følgje normal møteskikk med ordstyrar og taleliste.
- Møta skal protokollførast, godkjennast av leiar og sendast til rådmann og formannskap.

4. Økonomi

- Kommunestyret løyver midlar til drift.
- Ungdomsrådet vert tildelt midlar som skal gå til tiltak for unge. Midlane vert fordelt etter søknad frå ungdom i Hemsedal kommune.
- Retningslinene for tildeling av desse midlane vert utarbeidd av rådet og godkjend i kommunestyret.

5. Endring av retningslinjer

Retningslinene kan endrast når fleirtalet av rådsmedlemmane krev dette. Kommunestyret vedtek endringar.